



TV Sydvest fekk som venta tilskot frå næringsfondet.

Både Stiftinga Kristen Mediaressurs/TV Sydvest (Ronny Lakselv) og Elmedia (Karl Petter Vårdal) fekk tilskot frå næringsfondet då saka var oppe i styret (identisk med formannskapet) torsdag. Dei to selskapa er samlokalisert i den tidlegare samyrkelagsbyggnaden i Uskedalen og fekk henholdsvis 30.000 og 20.000 kroner.

Ingen av politikarane hadde kommentarar til dei to sakene, men Knut Prestnes (Sp) og Arve Opsanger (SV) stemte i mot begge.

TV Sydvest skal nytta pengane til etablering av lokalfjernsyn. Selskapet har ei tid drive med programskaping og ønskjer no å utvikla kringkastingsdelen slik at det vert mogeleg å gjennomføra direkteendingar til dømes frå kommunestyremøte. Kringkastingsutstyret vil kosta 171.300 og 141.300 kroner vil bli lånt. Det er allereie investert 270.282 kroner i produksjonsutstyr.

Tidlegare har næringsfondet gjeve lån til AS Innsida.no til utvikling av lokalfjernsyn. Men desse planane er ikkje aktuelle lenger og eventuelt tilskot til TV Sydvest fører ikkje til konkurransevriding slik det er nevnt i vedtektene til næringsfondet, påpeika rådmannen i si saksutgreiing.

Han slutta utgreiinga slik:

- Etablering av lokalfjernsyn vil ha stor verdi for kommunen sine innbyggjarar og for kommunen som organisasjon med tanke på informasjonsformidling, Sjølv om det her er snakk om både dugnadsarbeid og fast tilsette, må dette sjåast som ei næringsverksemd som er kvalifisert for støtte frå næringsfondet.

Difor kunne rådmannen tilrå søknaden. Men når det gjaldt Elmedia kunne han og formannskapet ikkje strekkja seg lenger enn til å gje 20.000 til marknadsføring. Vårdal hadde også søkt om garanti for eit lån til produktutvikling, men det fekk han ikkje.

Av Ola Matti Mathisen



Ronny Lakselv har mellom anna planar om direkte-TV frå kommunestyret. (Foto: Karl Petter Vårdal)